



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 20.1.2026

Møtestart: Kl 18.20 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 19.40

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Kristoffer Lønning Tørressen (setteprost).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid Hajem (Ål), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Egil Kolsrud (vara Torpo)

SAKSLISTE:

FR-sak 1/26: Godkjenning av referat frå møtet 02.12.25 og innkalling 20.1.26

FR-sak 2/26: Val av fellesrådsleiar og nestleiar

FR-sak 3/26: Budsjett 2026

FR-sak 4/26: Revisjonsberetning om årsregnskap 2024

FR-sak 5/26: Prisliste-justering

FR-sak 6/26: Festeavgift og vedtekter

FR-sak 7/26: Orienteringssaker

FR-sak 8/26: Personalsituasjonen – oppdatering

Anne Kjersti Frøyen
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje

FR-sak 1/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 2.12.25 OG MØTEINNKALLING 20.1.26

Saksdokument:

[Møtebok frå møtet 2.12.2025](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 2.12.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 20.1.2026 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 2.12.2025.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 20.1.2026.

FR-sak 2/26: Val av fellesrådsleiar og nestleiar

Saksframlegg:

Anne Kjersti Frøyen har vore leiar i fellesrådet i 2025. Frøydis Stoveland Dekko har vore leisleiar i soknerådet i 2025. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år.

AU anbefaler gjenval og at valet skjer ved akklamasjon.

Fellesrådet har høve til å kome med benkeforslag, og dersom ein eller fleire representantar ynskjer å gjennomføre val skriftleg så vert det slik.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd veljer Anne Kjersti Frøyen som leiar for Ål kyrkjelege fellesråd for 2026.

Ål Kyrkjelege Fellesråd veljer Frøydis Stoveland Dekko som nestleiar for Ål kyrkjelege fellesråd for 2026.

FR-sak 3/26: BUDSJETT 2026

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Ål har vedteke eit tilskot til Ål kyrkjelege fellesråd på 7,060,000 kroner til driftsbudsjett. Det er ei auke på 200,000 frå 2025, men ikkje nok til å dekke inn budsjettutkastet som fellesrådet vedtok 9.9.2025 for å fange opp faktisk kostnadsauke erfart til og med 2025.

Soknerådet fekk presentert revidert utkast til budsjett 2026. I revidert utkast vil de sjå eit foreløpig meirforbruk på 235,753 kroner, altså må fellesrådet gjere ein jobb for å redusere kostnadane før driftsbudsjettet kan vedtakast.

Fellesrådet drøfte nokre mogelege tiltak for å kome i balanse. Festeavgift og festetid vil spele inn, vakanse og sjukemelding kan bidra noko, og lønnsjustering i mai er ikkje vedteke. Det finnest også gjevarmidler på konto som kan dekke inn noko, og soknerådet ynskjer å oppmuntre fleire til gjevarteneste. Gjevarteneste vil bli sett opp i eit eige møte dette halvåret.

Fellesrådet meiner at det ikkje er behov for store grep raskt, men ber kyrkjevevja arbeide mot balanse som også kan hjelpe budsjettet i 2027.

Det er ei oppleving av godvilje frå politisk hold om at kyrkja er eit felles ansvar – dette skal me få til saman.

Investeringsbudsjett: Kommunestyret vedtok 3 millionar til kyrkjas investeringsbudsjett for 2026, noko som får fram politisk vilje. Kyrkjevevja vil jobbe vidare med planane i tråd med prioriteringane drøfta i fellesrådet.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Fellesrådet ber kyrkjevevja og fellesrådsleiar om å utarbeide eit oppdatert driftsbudsjettet for 2026 med innspel frå møtet. Endeleg budsjett for 2026 vert vedteke 3. mars 2026.

FR-sak 4/26: REVISJONSBERETNING OM ÅRSREGNSKAP 2024

Saksopplysningar:

Uttalelse frå revisor: «Vi har revidert årsregnskapet for Ål kyrkjelege fellesråd som viser et netto driftsresultat på kr – 291,500.83 og et meirforbruk på kr 258.531.04. Årsregnskapet består av balanse

per 31. desember 2024, driftsregnskap og investeringsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet.

Etter vår mening er, med unntak av virkning av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Ål kyrkjelege fellesråd per 31. desember 2024, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.»

Revisoren har gått gjennom lista over avdekka avvik ved revisjonen pr. 31.12.2024 og kommenterer at flere av feila er korrigert i regnskapet for 2025.

Revisor har delt feillista for 2024 med kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen. Dei fleste tilbakemeldingane er økonomiavdelinga i kommunen i ferd med å rette opp.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Fellesrådet tek revisjonsberetninga for 2024 til etterretning.

FR-sak 5/26: PRISLISTEJUSTERING

Saksopplysningar:

Prislista for Ål kyrkjelege fellesråd er ikkje justert sidan 2023: [fra trond.pdf](#)

Soknerådet tipsar om å bruke SSB for å finne relevante oppjusterte tal.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Fellesrådet ber kyrkjeverja om å forberede utkast til justert prisliste for Ål kyrkjelege fellesråd innan 3. mars 2026.

FR-sak 6/26: FESTEAVGIFT OG VEDTEKTER

Saksopplysningar:

Fellesråda i to andre Hallingdalskommunar har auka årleg festeavgifta. Det er naturleg å legge opp til ein tilsvarende auke i Ål kyrkjelege fellesråd, og kanskje vurdere noko høgare. Det fordrar vedtak i kommunestyret og bør gjerast klart innan budsjettarbeidet for 2027 med implementering frå 1. januar 2027.

Vedtektene i Ål treng også å oppdaterast for å inkludere namna minnelund, forbod mot lause gravlykter med talg m.m.

Til samanlikning vedtok Ringerike å følge deflator eller KPI som fast justering.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026

VEDTAK :

Fellesrådet ser det nødvendig å oppdatere gravplassvedtektene og festeavgifta og ber kyrkjeverja om å forberede utkast til justerte vedtekter for Ål kyrkjelege fellesråd innan møtet 28. april 2026.

FR-sak 7/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Varmeanlegg er i bruk og fungerer fint. Det gjenstår noko programmeringsarbeid, samt etterarbeid med måling og røyr i kyrkja, samt ein vurdering av om hyllene over dei gamle radiatorane kan fjernast eller gjerast mindre (fordrar dialog med Riksantikvaren). Varmepumpa i kjellaren på kontorbygget lagar noko bråk på eitt kontor, men er ikkje til anna sjananse. Kommunestyret innvilga inntil 2,500,000 kroner til nytt varmeanlegg, og per 8. januar 2026 har me brukt 2,588,843 kroner. Overforbruket må dekkast av kyrkja, og me kan vurdere å spørje om bidrag frå gjevarar.

b) Medarbeidarundersøkelsen i Den norske kyrkja som var planlagt i oktober 2025 er vedteke å gjennomførast i mars 2026.

c) Folkemusikk og gudsteneste-komiteen og kontor har forberedt søknad for 2026-tilskot som vart sendt innan fristen 15. januar 2026.

d) Tunsberg bispedømmeråd inviterer ledere eller et annet medlem av fellesråd og menighetsråd i Tunsberg bispedømme til samling i Bragernes menighetshus i Drammen tirsdag 3. mars kl 1800-2100. Formålet er å styrke samhandlingen i bispedømmet og gi menighetsråd og fellesråd mulighet til å komme med innspill til bispedømmerådet i forkant av Kirkemøtet i april 2025. Dette er tredje gang bispedømmerådet inviterer til en slik samling, og tilbakemeldingene fra tidligere viser at dette opplevdes som en viktig og nyttig møteplass både for fellesråd, menighetsråd og bispedømmeråd.

e) Kyrkjekontoret har skaffa bankkort bedrift til nettbetalingar og kortbetalingar.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 8/26: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterte om prestesituasjonen. Positivt at me har 2 kvalifiserte søkarar til kapellanstillinga. Har tilgang på gode vikarar. Får stiftskandidat på praksis 5 veker i februar-mars. Camilla kjem tilbake som prost etter påske, antakeleg 13. april.

Kyrkjeleverja orienterte om anna stab ved kyrkjekontoret.

- Diakon: 2 søknader motteke, ein av dei kvalifisert og veldig aktuell.
- Sjukemelding og vikarar

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 20.1.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

Neste møte: 3. mars 2026